UiT
NORGES
ARKTISKE
UNIVERSITET

UTFYLLANDE REGLAR TIL FORSKRIFT FOR GRADEN PH.D. VED FAKULTET FOR HUMANIORA, SAMFUNNSVITSKAP OG LÆRARUTDANNING

Fastsett av:	Fakultetsstyret ved HSL-fakultetet, med heimel i forskrift for graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet revidert 19.06.2018, Eph. 17/6565-12.		
Ansvarleg eining:	Fakultet for humaniora, samfunnsvitskap og lærarutdanning		
Sist endra av:	Fakultetsstyret	Dato: Arkivref.:	26.10.2018 Eph. 17/2453-6
Erstattar:	Ph.d.-program i humaniora og samfunnsvitskap - utfyllande reglar til forskrift for graden ph.d.	Dato: Arkivref.:	24.10.2017 Eph. 17/2453-4

Kapittel I. Allmenne føresegner
Punkt 1. Verkeområde (jf. forskrifta § 1)
Dei utfyllande reglane gjeld doktorgradsutdanninga ved Fakultet for humaniora, samfunnsvitskap og lærarutdanning (HSL-fakultetet) som fører fram til graden ph.d. i humaniora og samfunnsvitskap. Reglane er utfyllande til forskrift for graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet om opptak, gjennomføring og avslutting av ph.d.-graden ved HSL-fakultetet.

Punkt 2. Målsetjing (jf. forskriftas § 2)

Commented [MBJ1]: Læringsmålene må sjekkes opp mot kvalifikasjonsrammeverket og ev. Endringer i kravene til sammensetning av opplæringsdelen dersom inkl. Av generiske emner og 'transferable skill'-emner.

Ph.d.-studiet i humaniora og samfunnsvitskap har eit sjølvstendig forskingsarbeid med ei vitskapleg avhandling på høgt, fagleg nivå som mål. Som del av forskingsutdanninga skal ph.d.-studenten gjennomføre ein opplæringsdel. Målet med opplæringsdelen er å vidareutvikle den vitskaplege skoleringa som ph.d.-studenten har fått gjennom tidlegare studium. Han skal gi ph.d.-studenten ferdigheiter utover avhandlingsarbeidet og vere ei støtte for arbeidet med avhandlinga.

I løpet av studiet vil ph.d.-studenten oppnå følgjande læringsutbytte:

KUNNSKAP – kandidaten

- er i kunnskapsfronten innan teori og metode på fagområdet sitt og kan bidra til å utvikle denne
- kan diskutere vitskapsteoretiske problemstillingar innan fagområdet sitt på avansert nivå
- kan knyte eige prosjekt til breiare vitskaplege diskusjonar og vurdere bruk av ulike metodar og framgangsmåtar innan forskinga

FERDIGHEIT – kandidaten

- kan handtere komplekse faglege utfordringar ved å gjennomføre forskingsprosjekt i forskingsfronten i faget sitt
- kan skrive ulike typar akademiske tekstar innan fagområdet sitt og reflektere over skriveprosessen
- kan delta i faglege diskusjonar og gi konstruktiv tilbakemelding på vitskaplege arbeid

GENERELL KOMPETANSE – kandidaten

- kan identifisere, reflektere over og handtere relevante forskingsetiske problemstillingar og gjere forsking med fagleg integritet
- kan formidle forsking og utviklingsarbeid gjennom anerkjente kanalar; vitskaplege og allmennretta, skriftleg og munnleg
- kan bidra sjølvstendig i komplekse og nyskapande prosjekt

Punkt 3. Ansvar for doktorgradsutdanninga (jf. forskrifta § 3)
Ph.d.-program i humaniora og samfunnsvitskap er vedtatt av styret ved Fakultet for humaniora, samfunnsvitskap og lærarutdanning og gir utfyllande reglar til forskrift for graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Universitetet i Tromsø - Noregs arktiske universitet.

Programstyret er ph.d.-utvalet ved Fakultet for humaniora, samfunnsvitskap og lærarutdanning. Mandat og oppgåver for ph.d.-utvalet er nedfelt i reglement for Fakultet for humaniora, samfunnsvitskap og lærarutdanning.

Punkt 4. Terminologi (jf. forskrifta § 4)

Punkt 5. Innhaldet i doktorgradsutdanninga (jf. forskrifta § 5)

Kapittel II. Opptak, studierett og permisjon
Punkt 6. Opptakskrav til ph.d.-program (jf. forskrifta § 6)[1]
For å bli tatt opp blir det stilt krav om eit karaktersnitt på B eller betre på mastergraden (eller tilsvarande gode karakterar etter andre karaktersystem). Karaktersnittet gjeld også for integrert 5-årige mastergradsprogram på 300 studiepoeng der alle emna skal inngå i berekninga av snittkarakteren. For det tidlegare norske karaktersystemet med tall og desimalar, er opptakskravet 2,5 eller betre.

Unntaksvis kan det takast opp ph.d.-studentar med karaktersnitt på C (karaktersnitt 3,0 eller betre) på mastergraden ~~eller tilsvarande~~. Då må det samtidig dokumenterast ~~sjølvstendig~~ vitskapleg arbeid ut over mastergraden der søkar er eineforfattar eller hovudforfattar. Døme på kva som kan reknast som vitskapleg arbeid, er antatt eller publiserte referee-artiklar, publiserbare faglege arbeid, og publiserte faglege rapportar og utreiingar[2].

Det er doktorgradsprosjektets faglege karakter (metodar, perspektiv, teoriar) som avgjer kva for

[1] Krav til antall år grunnutdanning kommer frem av kvalifikasjonsrammeverket, og krav til minste omfang på masteroppgaven i 2-årige og 5-årige mastergrader ~~fremgår~~kommer frem av forskrift om studier og eksamener ved UiT.
[2] Bloggar, kronikkar, lesarinnlegg og faglege formidlingsarbeid tel i denne samanhengen ikkje som vitskapeleg arbeid.

Commented [MBJ2]: Utgår

Commented [MBJ3]: Ved omregning til tall og desimal teller karakteren C = 3,0. Ved beregning av gjennomsnittlig karakter på mastergraden vil alt imellom 2,5-3,4, regnes som karaktersnitt C. Vår praksis er at forhøyningsregler legges til grunn når snittet er 2,5-2,9. Ved Helsefak kreves det 'hel' C i snitt på mastergraden, dvs. 3,0. Ved BFE gjelder også krav om hel C/3,0, men formulert slik: «Krav til karakterer gjelder både mastergradsoppgaven og kurs/emner som er en del av mastergraden. Minimumskravene er:
- Karakter C eller bedre på masteroppgaven
- Karakter C eller bedre på emner som inngår i mastergraden, eller de to siste årene i et integrert masterprogram.

En karakter dårligere enn C i ett emne, kan kompenseres med en karakter bedre enn C i ett annet emne. Hvis søker har to emner med karakter D eller lavere, er vedkommende ikke kvalifisert for opptak.» Forslaget er at nivået på karaktersnittet ved HSL løftes også til hel C/3,0 for søkere som skal vurderes etter unntaksreglene.

Commented [MBJ4]: Fakultetet risikerer at upubliserte arbeider lagt ved opptakssøknaden, ikke er skrevet av søker selv eller at søker ikke er eneforfatter eller hovedforfatter. Endre? Erstatte med arbeider antatt for publisering dersom bekreftelse på dette vedlegges? Hilde-Gunn spør om det går an å spesifisere at arbeidet skal være karaktersatt eller fagfellevurdert. Eller skal vi skrive 'publiserte' også her?

fagmiljø prosjektet høyrer til. Søkjaren skal difor ved opptak ha fagleg tilknyting ved det instituttet/sentret som doktorgradsprosjektet fagleg fell innanfor, uavhengig om det er dette faget søkjaren har mastergrad i. Det stillast likevel krav til søkjarar om å ha fagleg relevant grunnutdanning for ph.d.-prosjektet og denne er innafor fagområda for forskingsgruppe / faggrupper ved fakultetet.

Unntaksvis kan søkjarar som har ein bachelorgrad på 180 studiepoeng og ein utanlandsk mastergrad (75 eller 90 ECTS), få opptak etter individuell vurdering. Mastergraden må innehalde eit større skriftleg arbeid tilsvarande 30 ECTS og eitt av følgjande tilleggskrav:

- Ekstra emne på masternivå for å oppnå totalt 120 studiepoeng på mastergradsnivå.
- Vitskaplege arbeid som ut frå ei skjønnsvurdering kan seiast å vege opp for manglar i formell utdanning (desse arbeida kan ikkje inngå i ph.d.-studiet).

Dersom det er lenge sidan mastergraden vert avlagt og til søknad om opptak til ph.d.-studiar fremmast (x-x år eller meir), bør/skal (?) søkjar vise eigen interesse for forsking med publiserte vitskapeleg arbeid og/eller..., utover mastergraden.

Punkt 7. Søknaden (jf. forskriftas § 7)
Når ein søkjer på stipendiatstilling ved HSL-fakultetet, blir ein samtidig vurdert for opptak til ph.d.-programmet.

For søkjarar utan stipendiatstilling ved UiT Noregs arktiske universitet, det vil si finansiering hos ekstern arbeidsgivar, vil det bli stilt krav om opphald med arbeidsstad i relevant fagmiljø ved fakultetet på til saman 12 månader i opptaksperioden. Dokumentasjon frå arbeidsgivar som bekreftar tillating til dette, må leggjast ved søknaden om opptak.

Søknadsfristane til ph.d.-program i humaniora og samfunnsvitskap er 1. april og 1. oktober. Søknaden skal skrivast på fastsett søknadsskjema.

Dersom søkjaren ønskjer å bruke eit anna språk i avhandlinga enn dei som er godkjende i punkt 19, skal søknad om dette leverast saman med søknad om opptak.

Punkt 8. Opptakskomité (jf. forskriftas § 8)
Tilsettingsutvalet ved HSL-fakultetet er opptakskomité for ph.d.-studentar som blir tilsette som stipendiatar ved fakultetet. Alle må levere utdanningsplan og eventuelt revidere prosjektbeskrivinga si ein månad etter at dei har starta i stillinga. Fullført opptak (behandling av eventuell revidert prosjektbeskriving, utdanningsplan, stadfesting av opptaksperiode og eventuell komplettering av rettleiarar) blir gjort av ph.d.-utvalet.

For søkjarar som blir tilsette som stipendiatar ved andre einingar ved universitetet, og søkjarar utan stipendiatstilling ved UiT Norges arktiske universitet, er det ph.d.-utvalet ved HSL-fakultetet som gjer opptak.

For søkjarar utan stipendiatstilling ved UiT Noregs arktiske universitet tar fakultetet imot søknad jamfør punkt 7 og vidaresender den til institutta/sentera. Det aktuelle instituttet/senteret tar nærare stilling til om søkjaren er kvalifisert for opptak, vurderer plan for studiet og foreslår rettleiarar. Slik fagleg vurdering på institutta/sentera skal gjennomførast av minimum to personar. Etter innstilling frå den aktuelle einingа tar ph.d.-utvalet ved fakultetet endeleg avgjerd om opptak.

Commented [MBJ5]: Utfordringa med dette avsnittet er at vi har fått søkere med realfagsbakgrunn som har tatt PPU, og tror de er kvalifiserte for opptak til vårt ph.d.-program. Teksten her er no opprinnelig ment om søkere med fagbakgrunn innen humaniora og samfunnsvitenskaplige fag, men vi måtte veielde komiteen i dette tilfellet. Behov for justering av tekst?

Commented [MBJ6]: Forslag fra Hilde-Gunn om at dette pkt bør utgå. Gjelder svært få land da de fleste nå har tilpassninger til Bologna-samarbeidet. Vi vil fortsatt motta søknader fra personer med utdanning fra Storbritannia og fjerning av regelen vil medføre større problemer enn å beholde denne unntaksregelen. Vi har støtte i åh.d.-forskriften for å vurdere anna utdanning som likestilt med 3-årig bachelor + 2-årig master, og 5-årige mastergrader.

Commented [MBJ7]: Forslag om nytt pkt.

Punkt 9. Avgjerd om opptak (jf. forskriftas § 9)
Dersom det er fleire søkjarar til ein studieplass (eit doktorgradsstipend), og komiteen innstiller ein eller fleire søkjerar vurdert etter unntaksreglane, må slik innstilling grunngjevast særskild i bedømminga.

Commented [MBJ8]: Utfordringer med at søkere vurdert etter unntaksreglene innstilles og rangeres foran søkere som oppfyller hovedregelen når det gjelder karaktersnitt. Et mindre problem når flere søkere konkurrerer om en stduieplass slik som ved søknad til stipendiatstilling. En større utfordring når søker om opptak har ekstern finansiering og ikke konkurrerer med andre om studieplassen. Pga finansieringen er i orden, er anbefalingen fra instituttene nesten 100 %

Det er krav om at eksterne søkjarar skal ha arbeidsplass i relevant fagmiljø ved fakultetet i til saman 12 månadar i løpet av opptaksperioden.

Punkt 10. Opptak til emne i opplæringsdelen (jf. forskrifta § 10)
Søkjarar med erfaringsbasert mastergrad (90 eller 120 studiepoeng) kvalifiserer ikkje for opptak til ph.d.-emne. Dette gjeld søkjarar i kategori 4, jf. forskriftas § 10.

Punkt 11. Studiestart; avtale mv. (jf. forskriftas § 11)

Punkt 12. Studierett (jf. forskrifta § 12)
Dersom studieretten er utvida med to år utover normert studietid etter § 12, og studenten framleis ikkje har levert avhandlinga før denne studieretten går ut, kan det søkjast om ytterlegare forlenga studierett for ein avgrensa periode på opptil 6 månadar for å ferdigstille avhandlinga. Søknaden skal sendast til fakultetet og må innehalde ei grunngjeving for forseinkinga og ein plan for avslutting av studiet. Ein slik søknad skal vere utarbeidd i samarbeid med rettleiar(ar).

Punkt 13. Permisjon (jf. forskrifta § 13)
Ph.d.-studentar kan søkje permisjonar utover § 13 i forskrifta. Søknaden skal sendast til fakultetet og må innehalde ei grunngjeving for permisjonen og ein plan for kva innverknad denne har på studiet.

Kapittel III. Studiet
Punkt 14. Doktorgradsutdanninga (jf. forskriftas § 14
Som ledd i å førebu studenten på ein yrkeskarriere i eller utanfor akademia vil fakultetet gi eit seminartilbod med fokus på karriererettleiing minst ein gong i opptaksperioden.

Punkt 15. Opplæringsdelen (jf. forskriftas § 15)
Fakultetet har det formelle ansvaret for utdanningstilbodet i opplæringsdelen, og dei einskilde undervisningstiltaka blir godkjende av ph.d.-utvalet.

Fakultetet tilbyr ph.d.-emne innan vitskapsteori, forskingsetikk og formidling som tilfredsstiller krava i opplæringsdelen. Desse emna blir arrangerte kvart år. Fagspesifikke ph.d.-emne i teori og metode/faglege tilnærmingar og posisjonar blir gitt av institutta/sentra og varierer frå år til år.

Ph.d.-studenten kan delta på ph.d.-emne arrangert av fakultetet eller andre fakultet/institusjonar. Det er tilrådeleg at ph.d.-studenten deltar på emne i regi av nasjonale forskarskolar og ved andre institusjonar. Opplæringsdelen bør gjennomførast innan dei første to-tre semestera av doktorgradsstudiet.

Ph.d.-utvalet skal godkjenne opplæringsdelen før avhandlinga kan leverast til vurdering.

Opplæringsdelen omfattar desse komponentane:

- Vitskapsteori og forskingsetikk. (Totalt 10 studiepoeng.)
- Formidling. (Totalt 5 studiepoeng.)
- Fagspesifikk teori og metode/faglege tilnærmingar og posisjonar. (Totalt 15 studiepoeng.)

Særskilt for forskarskolen CASTL:

Ph.d.-studentar som er tatt opp til den lokale forskarskolen ved CASTL, følgjer eit alternativt studieopplegg i språkvitskap. I tillegg til opplæringsdelen kjem obligatoriske arbeidskrav som ikkje gir studiepoeng. Desse komponentane blir her beskrivne i den grad dei skil seg ut frå det vanlege opplegget.

A. Aktiv deltaking og integrering i forskingsmiljø

Ph.d.-studentar på forskarskolen skal i løpet av dei tre første semestra (for studentar på 3-årig opptaksavtale) eller fire første semestra (studentar på 4-årig opptaksavtale), delta aktivt på minst to akademiske 'aktivitetar' per semester. Føljande kvalifiserer som 'aktivitet':

(i) eit ph.d.-emne eller lesegruppe leia av CASTL

(ii) aktiv deltaking på eit tilsvarande kurs eller lesegruppe etter avtale med rettleiar (kortare intensive kurs, inkludert kurs ved andre institusjonar, kan vurderast som likestilte med eit ph.d.-kurs)

(iii) undervisning (på eit halvt emne i løpet av eit ordinært semester)

B. Paper/essay som kvalifiserer

På slutten av perioden (av dei tre eller fire første semestra), skal studenten levere to skriftlege arbeid med artikkellengd over to konkrete tema som kan godkjennast. Arbeida skal vere tilstrekkeleg gjennomarbeidde og halde ein kvalitet tilsvarande det som blir godkjent i publiseringskanalar på nivå 1 og vere innanfor studentens fordjupingsområde og kan danne basis for kapitla i studentens avhandling

Commented [MBJ9]: Utgår.

Krav til dokumentasjon for godkjenning av opplæringsdel

Krav til dokumentasjon for å få ph.d.-emne (som er fastsette med studiepoeng) godkjent inn i opplæringsdelen:

- lokale, nasjonale eller internasjonale ph.d.-emne (doktorgradskurs) med studiepoeng blir vanlegvis godkjende med opplyst studiepoengomfang
- godkjent deltaking/paper/eksamen skal dokumenterast med karakterutskrift, kursbevis eller liknande

Krav til dokumentasjon for at konferansedeltaking skal gi utteljing med studiepoeng:

- Det skal vere ein vitskapleg eller fagleg konferanse: Det vil seie at tema på konferansen er vitskapleg, og at føredragshaldarar er forskarar. Innhaldet i konferansen må vere relevant for det det aktuelle området innanfor opplæringsdelen; fagspesifikk teori og metode / faglege tilnærmingar og posisjonar.
- *Modell 1:* For å gi 3 studiepoeng må konferansen minimum strekke seg over 2 dagar, og ph.d.-studenten må ha hatt eit framlegg på minimum 15 minutt. Arbeidsomfanget skal vere 90 arbeidstimar.
- *Modell 2:* For å gi 5 studiepoeng må konferansen strekke seg over 2 dagar, og ph.d.-studenten må ha hatt et framlegg på minimum 20 minutt. Arbeidsomfanget skal vere 150 arbeidstimar.

- Dokumentasjon på deltaking og framlegg må leggast ved, til dømes ved deltakarliste og konferanseprogram. Studenten sitt framlegg må dokumenterast i form av tekstmanus eller tilsvarande.
- Deltaking på konferanse med kortare tidslengd, eller deltaking utan framlegg, blir ikkje godkjent.
- Det er berre mogleg å få ei konferansedeltaking godkjent i opplæringsdelen.

Ph.d.-emnar/-kurs og konferansedeltaking godkjend med studiepoeng i opplæringsdelen, vil foredlast over tid. De enkelte elementa i ein godkjent opplæringsdel bør ikkje vere eldre enn 7 eller 8 år (avhengig av om studenten er tatt opp til 3-årig eller 4-årig opptaksavtale) på tidspunktet for levering av avhandlinga til vurdering. For kandidatar som etter vurdering har fått underkjend si avhandling, skal normalt ~~vil~~ både få oppgitt frist for tidlegast mogleg ny levering av omarbeidd avhandling, *og* ein seinast ~~moglege~~ frist for levering av ny avhandling, før elementa i opplæringsdelen må erstattast med nye ph.d.-emne/-kursar/konferansedeltaking.~~, og samansetninga av opplæringsdelen må godkjennast på nytt.~~

Oppretting og innmelding av ph.d.-emne
Eitt studiepoeng tilsvara 25–30 arbeidstimar. For kvart emne må det gjerast ei vurdering av arbeidsmengda som ein går ut frå at studenten vil bruke på emnet sine ulike komponentar: Lesing av pensum, førebuing av plikter på kurset (som til dømes å planlegge innlevering av skisse eller liknande i forkant av kurset, planlegge presentasjonar, lesing av skriftlege innlegg frå medstudentar), oppmøte på emnet, etterarbeid og eksamen. Oppretting av mindre emneeiningar enn 5 studiepoeng er ikkje tilrådd av omsyn til studentens samla arbeidsbyrde. Vidare bør det ikkje etablerast store emneeiningar på 10 studiepoeng då det gir færre kombinasjonsmoglegheiter innan bolken 'fagspesifikk teori og metode/faglege tilnærmingar og posisjonar'.

Følgjande minimumskrav må innfriast for at eit ph.d.-emne skal godkjennast med eit omfang på 5 studiepoeng:

- Emnet blir arrangert over minimum to heile dagar.
- Undervisninga skal vere på minimum 15 timar. Det blir oppmoda til å aktivisere studentane, men omfattande studentarbeid under emnet bør kome i tillegg til ordinær undervisning.
- Eksamensforma bør gir studenten øving i sjangrar som ofte blir nytta innan forsking og formidling i faget. Døme kan vere vitskapleg artikkel, review-artikkel, bokmelding, kronikk, blogg, refleksjonslogg. Det er viktig at eksamensforma er tilpassa sjanger og innhaldet i emnet.
- Lengda på eksamen vil variere avhengig av sjanger, men for paper skal det normalt vere ca.15 sider/6 000 ord.
- Litteraturomfanget kan variere, men bør minimum vere 700 sider. Eit ph.d.-emne med mindre litteraturomfang kan godkjennast dersom det er særskilt grunngitt.
- Fagleg ansvarleg skal minimum ha doktorgrad/førstestillingskompetanse.

Institutta/sentra blir ein gong årleg bedne om å melde inn ph.d.-emne til fakultetet som skal tilbydast kommande studieår (haust-/vårsemester).

Punkt 16. Rettleiing (jf. forskriftas § 16)
I samband med søknad om opptak kan søkjaren føreslå rettleiarar, men det er fakultetet som nemner opp rettleiarar etter innstilling frå gjeldande institutt eller senter. Det skal vere minimum to rettleiarar, der minst ein av dei skal vere tilsett i fagmiljø relevant for studentens ph.d.-prosjekt,

enten ved institutt eller senter ved fakultetet. Det er 240 timar rettleiingsressurs per ph.d.-student, og denne ressursen skal fordelast etter avtale mellom rettleiarane.

Dersom ein ph.d.-student ønskjer å skifte rettleiar(ar), skal ein grunngjeven søknad om dette rettast til instituttet/senteret og/eller ph.d.-utvalet. Dersom ein ønskjer å skifte rettleiar fleire gonger, skal det saman med søknaden føreliggje ein detaljert plan over korleis den perioden som står att skal brukast.

Punkt 17. Tilknyting til forskarmiljø (jf. forskriftas § 17)

Punkt 18. Utstyr (jf. forskriftas § 18)

Kapittel IV. Doktoravhandlinga
Punkt 19. Krav til doktoravhandlinga (jf. forskriftas § 19)
Ein monografi skal normalt ikkje vere lengre enn 300 sider. Ph.d.-studenten skal vere eineforfattar på avhandlinga.

Ei artikkelsamling skal bestå av ei kappe og minst tre artiklar av vanleg storleik. Når artiklar har fleire forfattarar, kan det vere grunn til å utvide talet på artiklar.

Artiklane skal ha eit nivå tilsvarande det som blir kravd for publisering i anerkjente fagtidsskrift med fagfellevurdering. Dette gjeld også bokkapittel.

I kappa skal studenten ikkje berre samanfatte, men også framstille problemstillingane og konklusjonane som blir lagde fram i delarbeida i eit samle perspektiv, og på den måten dokumentere samanhengen i avhandlinga. I dette ligg også ei klargjering av avhandlingas bidrag til det forskingsfeltet ho er posisjonert innanfor. I kappa skal kandidaten også gjere greie for metode- og teoribruk i avhandlinga dersom dette ikkje går fram av delarbeida. Ved tidlegare publiserte artiklar skal kappa også innehalde faglege ajourføringar, slik at avhandlinga som heilskap står fram som fagleg oppdatert. Alternativt skal slike ajourføringar gjerast i kvar artikkel. Kappa skal vere utforma av ph.d.-studenten åleine. Samandraget skal normalt vere mellom 40 og 80 sider.

Avhandlinga skal følgje forskingsetiske reglar og konvensjonar for fagleg kvalitetssikring av forsking. Ved artiklar med fleire forfattarar skal Vancouver-reglane normalt leggjast til grunn. Dersom det er avvik frå Vancouver-reglane, skal årsaka til dette beskrivast i erklæring om medforfattarskap.

Avhandlingsspråk:
Avhandlinga skal skrivast på norsk, svensk, dansk, engelsk eller samisk. Dersom studenten ønskjer å nytte eit anna språk, skal det vere søkt om særskilt godkjenning av dette ved opptak, jf. punkt 6.

Avhandlingar som inkluderer film / audiovisuelt materiale / andre medium:
Ei avhandling kan også inkludere film, audiovisuelt -eller anna materiale. Slikt materiale kan vera vedlegg/appendiks til avhandlinga. Det må tydeleggjerast korleis materiale skal sjåast i

samanheng med avhandlinga. Dersom ikkje dette kjem klart fram av sjølve avhandlinga, kan det utdjupast i eit vedlagt skriv til avhandlinga.

Ein vitskapeleg antropologisk film kan reknast som sidestilt med vitskapeleg artikkel og erstatta ein av dei tre artiklane ei artikkelsamling etter gitte kriteria:

- filmen er fagfellevurdert og antatt for, eller publisert i godkjend publiseringskanal
- filmen har oppført forfattar- og institusjonstilknyting
- filmen registrerast og rapporterast i Cristin som 'vitskapleg artikkel' og ikkje fil

~~I så tilfelle må~~ ~~D~~det må tydeleggjerast i samandraget ('kappa') korleis filmen ~~eit slikt materiale~~ skal sjåast i samanheng med dei andre delane av avhandlinga. ~~Dersom ikkje dette kjem klart fram av sjølve avhandlinga, kan det utdjupast i eit vedlagt skriv til avhandlinga.~~

Punkt 20. Arbeid som ikkje blir godtekne (jf. forskriftas § 20)

Punkt 21. Offentleggjering (jf. forskriftas § 21)

Kapittel V. Kvalitetssikring og rapportering
Punkt 22. Kvalitetssikring og rapportering (jf. forskriftas § 22)
HSL-fakultetet skal ha ei felles rutine for gjennomføring av midtvegsevaluering for kvar ph.d.-student. Arrangementet av midtvegsevalueringa skal organiserast av institutta/sentera. Midtvegsevaluering er obligatorisk arbeidskrav for alle studentar med opptak til ph.d.-programmet frå og med hausten 2018 og må vere godkjend før studenten kan framstille seg for prøven (prøveforelesing og disputas). Midtvegsevalueringa skal gjennomførast i studentens 3.–4. eller 4.–5. semester (avhengig av om han/ho er tatt opp etter 3-årig eller 4-årig opptaksavtale). Midtvegsevalueringa skal vere ein obligatorisk milepæl i studieløpet. Tidspunktet skal ikkje i vesentleg grad tilpassast studentens progresjon med mindre spesielle forhold (sjukdom, permisjonar) tilseier utsetjing. Ho skal både ta for seg framdrifta i ph.d.-studiet med tanke på gjennomføring på normert tid, *og* gi studenten (og rettleiarar) konstruktiv fagleg tilbakemelding på innlevert materiale som studenten kan ta med seg i det vidare doktorgradsarbeidet. Komiteens skal bestå av minst to medlemmar. Minst ein medlem bør vere utan tilknyting til studentens institutt/senter eller nærmaste fagmiljø.

Konklusjon om forseinka progresjon i studiet etter midtvegsevalueringa, kan medføre heving av doktorgradsavtalen jamfør kap. VII i forskrift for ph.d.-graden ved UiT Noregs arktiske universitet.

Det er valfritt for institutta/sentra om dei i tillegg vil gi fleire tilbod, til dømes ei sluttevaluering.

Ph.d.-student og rettleiarar skal kvart år levere framdriftsrapport. Manglande rapportering om framdrifta frå studenten kan medføre heving av doktorgradsavtalen jamfør kap. VII i forskrift for ph.d.-graden ved UiT Noregs arktiske universitet. Med utgangspunkt i framdriftsrapporten skal instituttet gjennomføre årleg forskarsamtale med ph.d.-studenten. Instituttet lagar ein instituttrapport som blir behandla i ph.d.-utvalet.

Kapittel VI. Plikt til å melda frå om resultat

Commented [MBJ10]: Det er spilt inn forslag fra ISV om film kan erstatte f.eks. en artikkel i artikkelbasert avhandling. Det er ikke åpent for dette i dagens regelverk. En endring av reglene for å åpne for dette vil i såfall medføre at kravene om minst tre artikler må utgå. Spørsmålet berører kravet til og forståelsen av hva en doktoravhandling skal være og det må tas hensyn til dette når punktet diskuteres.

Commented [MBJ11]: For artikler godkjenner vi også arbeider i publiserbar form. For film som skal ersatte en artikkel, må vi kanskje kreve at denne skal være antatt for pubisering eller publisert på innleveringstidspunktet. Det finnnes i dag bare en godkjent publiseringskana som publiserer fagfellevurderte filmer: http://boap.uib.no/index.php/jaf Skal andre kanaler kunne godkjennes, i så fall hvilke?

Commented [MBJ12]: Det er spilt inn forslag fra ISV om film kan erstatte f.eks. en artikkel i artikkelbasert avhandling. Det er ikke åpent for dette i dagens regelverk. En endring av reglene for å åpne for dette vil i såfall medføre at kravene om minst tre artikler må utgå. Spørsmålet berører kravet til og forståelsen av hva en doktoravhandling skal være og det må tas hensyn til dette når punktet diskuteres.

Commented [MBJ13]: Gi forslag til tekst vedr offentlighet i betenkning.

Punkt 23. Plikt til å melde frå om resultat (jf. forskriftas § 23)

Kapittel VII. Heving av avtalen
Punkt 24. Friviljug avslutting (jf. forskriftas § 24)

Punkt 25. Tvungen avslutting (jf. forskriftas § 25)
Myndigheit til å vedta tvungen avslutting av doktorgradsutdanninga, er delegert til ph.d.-utvalet (programstyret) av fakultetsstyret i sak FS 13-2017 *Delegering av mundighet til ph.d.-utvalget – Endring av reglement for HSL-fakultetet* den 4. mai 2017 (eph.ref.: 2017/2453-1).

Kapittel VIII. Vurdering av avhandlinga
Punkt 26. Innlevering (jf. forskrifta § 26)
Hovudrettleiar skal melde frå om nært førestående innlevering til fakultetet og instituttleiinga seinast to (2) månadar før planlagt innleveringstidspunkt.

Studentens søknad om å få avhandlinga vurdert til graden philosophiae doctor skal sendast til fakultetet via elektronisk innleveringsskjema i Munin (UiTs elektroniske vitenarkiv), der avhandlinga skal leggjast ved i pdf-format. Saman med søknaden skal det leggjast ved både eit kortfatta samandrag på norsk og engelsk. Avhandlinga blir trykt opp ved fakultetet og sendt til komiteen. Dersom avhandlinga blir godkjend til disputas, skal ytterlegare ~~60~~ 37 eksemplar trykkast opp.

Punkt 27. Oppnemning av komité (jf. forskriftas § 27)
Til å vurdere avhandlinga skal ph.d.-utvalet foreta oppnemning av ein sakkunnig komité på minst tre medlemmar etter krav i § 27. Gjeldande institutt grunngjev forslag til komitésamansettinga. Bedømmingskomiteen bør normalt vera oppnemnd før innlevering av avhandlinga.

Punkt 28. Tilbaketrekking og retting av avhandling (jf. forskriftas § 28)

Punkt 29. Høve til å innhente supplerande opplysningar (jf. forskriftas § 29)

Kapittel IX. Komitéinnstillinga og behandling av innstillinga
Punkt 30. Fristar (jf. forskriftas § 30)
Komiteen bør normalt gi innstillinga si snarast råd; helst innan to månadar etter mottatt avhandling.

Punkt 31. Innstilling (jf. forskriftas § 31)

Punkt 32. Handsaming av innstillinga (jf. forskriftas § 32)

Punkt 33. Ny levering (jf. forskriftas § 33)
I tilfelle der komiteen har anbefalt at kandidaten skal få høve til mindre omarbeiding av avhandlinga før endeleg innstilling (§ 31 andre og tredje ledd), og fakultetet tek tilrådinga til følge (§ 32 tredje ledd), fastsett fakultetet ein frist innanfor 3 månadar. Slik omarbeiding er å rekna for del av kandidatens 'første gongs levering'. Dersom kandidaten derimot ikkje overheld denne fristen, får kandidaten kunn levere avhandlinga inn til ny vurdering ein gang ('andre gangs levering'), og tidigast seks månader regna frå vedtaksdato (i saka ~~da fakultetet behandla saken~~ med komiteens ~~foreløpige~~ innstilling om mindre omarbeidingar).

Kapittel X. Doktorgradsprøve
Punkt 34. Prøveførelesing (jf. forskriftas § 34)
Kandidaten skal halde ei offentleg prøveførelesing over oppgitt emne. Prøveførelesinga skal ha eit omfang på 45 minutt. Prøveførelesing og disputas skal normalt avviklast same dag.

Punkt 35. Forsvar av avhandlinga (jf. forskriftas § 35)
Disputasen blir leidd av instituttleiaren/senterleiaren eller den han/ho gir fullmakt. Den som leier disputasen gjer kort greie for innleveringa og vurderinga av avhandlinga og for prøveførelesinga. Deretter gjer doktoranden greie for siktemålet med og resultatet av den vitskaplege undersøkinga. Lengda på doktorandens presentasjon skal ha eit omfang på omtrent 15 minutt. Første ordinære opponent innleier diskusjonen, lengda på diskusjon er inntil 1½ time. Andre-opponent avsluttar disputasen, lengda på diskusjon er inntil 1 time.

Punkt 36. Godkjenning av doktorgradsprøven (jf. forskriftas § 36)

Punkt 37. Kreering og diplom/vitnemål (jf. forskriftas § 37)
Vitnemål for ph.d.-graden er som hovudregel digitale vitnemål (gjeld frå og med 1. september 2021) og gjærast tilgjengeleg i www.vitnemalsportalen.no. Eit digitalt vitnemål inneber at dekan og direktør ikkje lengre signerer på vitnemålet. Papirvitnemål vil likevel vere tilgjengeleg for norske studentar som skal søkje opptak i utlandet og for utanlandske studentar som tar utdanning ved UiT. Desse signerast som før. Utanlandske studentar kreert for ph.d.-graden får tilsendt papirvitnemål til oppgitt heimstads adresse utan å måtte be om det, mens norske studentar må spesifikt be om å få signert papirvitnemål ved å kontakte ph.d.-administrasjonen ved fakultetet.

Kapittel XI. Klage
Punkt 38. Klage over avslag på søknad om opptak (jf. forskriftas § 38)
Punkt 39. Klage over underkjenning av opplæringsdelen (jf. forskriftas § 39)

Punkt 40. Klage over avslag på søknad om vurdering eller underkjenning av avhandling, prøveførelesing eller disputas (jf. forskriftas § 40)

Kapittel XII Ikraftsetjing
Punkt 41. Ikraftsetjing (jf. forskriftas § 41)
Studieretningane til ph.d.-programmet i humaniora og samfunnsvitskap blir avvikla frå og med 1. januar 2019 jf. universitetsstyrets vedtak i møte 19.06.2018 i sak S 13/18 *Organisering av ph.d.-studiet.*

Commented [MBJ14]: Utgår.